

## Korkafé på Vartdal

Det blir korkafé med Cantando på Soltjeld på Vartdal tysdag 25. april. Denne tysdagskvelden er det Morkakoret som er gjestar.

I tillegg til mykje variert korsong står smørbrød og kaker på menyen.

## Laurdagsopen stasjon

Frå og med laurdag 22. april og fram til midten av oktober held Volda og Ørsta Reinholdswerk (VØR) miljøstasjonen open også om føremiddagen på laurdagar.

VØR har teke dei to tilhengarane ut frå vinteropplag, og låner dei ut gratis til folk som skal frakte avfall til miljøstasjonen. På heimesida til VØR kan folk sjølv gå inn og reservere hengar, melder selskapet i ei pressemelding.

## Flo marknadssjef

Odd Rune Flo (39) er tilsett som marknads- og aktivitetsansvarleg for Hoven Loen i Stryn.

- Vi skal engasjere både lokalbefolkninga, reiseliv og næringsliv. Vi må tenkje aktivtetsbasert, ut i naturen, seier Odd Rune Flo til avisa Fjordingen.



**NY TRAKTOR:** Ola Grøtterød og svigerfaren driv gard i Björdalen i Ørsta og er på jakt etter ny traktor. På messa for landbruksutstyr i Ørsta fredag var det flust av traktorar og velje mellom. F.v. Ola Grøtterød og seljar hos Eik Senteret Ørsta, Knut Inge Haugen.

● Landbrukskonferanse og sals- og utstillingsmesse for landbruksmaskiner i Ørsta fredag

# – Veldig bra traktorsal

– Vi opplever ein positiv tone og investeringslyst blant bøndene.

Det seier seljar Knut Inge Haugen hos Eik Senteret Ørsta, som forhandlar traktormerka Fendt, Massey Ferguson og Valtra.

– Det har vore eit veldig bra sal hittil i år, og vonleg får vi selt nokre traktorar på messa i dag også. På messa i fjor selde vi landbruksutstyr for i overkant av fem millionar kroner, fortel Haugen.

23-år gamle Ola Grøtterød er ein av dei som vurderer å kjøpe ny traktor. Han og svigerfaren driv gard med 40 mjølkekyr i Björdalen i Ørsta, og den traktoren dei har no har sett sine beste dagar.

– Vi vel å satse vidare og kjø-

pe ny traktor. Fordi vi driv økologisk jordbruk, er vi på jakt etter ein liten traktor som gir lite marktrykk, forklarar han.

23-åringen som vaks opp på gard i Tønsberg, har tru på at det går an å livnære seg av å vere bonde på Sunnmøre også i framtida.

– Men bonden må tore å satse, og så må politikarane vere interesserte i å gjere det beste for norsk landbruk, seier han.

### Vestlandsbonden

Parallelt med sals- og utstillingsmessa for landbruksmaskiner, går landbrukskonferansen «Vestlandsbonden» føre seg i Ørsta kulturhus. Rose Bergslid er gardbrukar, og rådgjevar i både Møre og Romsdal Bondelag og Nordsøk, norsk senter for økologisk landbruk. Ho er første



**FRÅ BONDELAGET:** Rose Bergslid er gardbrukar, og rådgjevar i både Møre og Romsdal Bondelag og Nordsøk på Tingvoll.

føredragshaldar ut på konferansen.

– Bodskapet min er at vi er nøydde til å ha nok bønder til å drive jorda der ho er. Dette snakket om færre og større

gardsbruk, det vil ikkje fungere med det landskapet vi har i Norge, trur Bergslid.

Ho uroar seg over at vi tek til å få for lite bønder i Møre og Romsdal, og meiner det må re-

kruttering til før det går for langt.

### Verdiskaping

– Etter mi mening er det lønnsamt å satse på bonden. Han står for svært stor verdiskaping, og han sysselset både seg sjølv og andre. I tillegg held han kulturlandskapet i hevd, seier landbruksrådgjevaren.

Om ho får møte landbruksminister Jon Georg Dale (Frp) som kjem til paneldebatt og politisk duell seinare på dagen vil ho snakke med han om nettopp verdiskaping.

– I staden for å fokusere berre på kostnadseffektivitet, så bør ein vektleggje alle rollene landbruket fyller. Då får ein eit effektivt landbruk med stor verdiskaping, meiner Bergslid.

**HILD NORDAL**  
hn@smp.no